

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

16.08.2022

Jan-Morten Eikemo  
Vefjell 85  
5957 Myking

(Sak nr.: 22/4789 Sakshandsamar: Trygve Solberg)

## SØKNAD OM ENDRING PÅ GITT LØYVE 22/4789

Me søkjer med dette om endring av plassering av reiskapshuset på tidlegare gitt løyve (22/4789).  
Vedlagt ser du **ny** plassering.

Dette er plasseringa som me først ville ha, men på grunn av lettare tilkomst for betongbilar og lastebilar, valte me til slutt plasseringa som det blei gitt løyve på.

Når me no skulle sette i gang prosjektet, kom det opp diverse spørsmål vedrørande gardsvegen som me i dag kunn har brukt for tilkomst til bøane våre, og som det er tre andre bueiningar tilknytt. Desse bueiningane vil no at me skal ha lika mykje ansvar og vedlikehald på veggen, og det syns me er urettferdig i forhold til fordelinga på kor mykje ein brukar veggen.

Her vil ikkje me at det skal verta noko nabokrangling, så me har no valt å heller plassere hallen der me først hadde tenkt å byggja den.

Med å få endra plasseringa til slik som vist på vedlagt situasjonskart, vert det enklare for oss å bruka hallen, pluss at me slepp å sjå på hallen som vil lysa opp i landskapet mellom alle husa på Vefjell.

Med den nye plasseringa vil hallen være ute av synet for alle saman.

Har difor ikkje lagt ved nabovarsel, då me vurderer det slik at det ikkje er nødvendig. Håper det er greitt.

Når det gjelder sjølve plasseringa i kartet, så er det ca. plassering. Det blir der den er inn teikna, men at den kanskje må tilpassast der det er best og mest praktisk i forhold til planeringa av tomten.

Me vil nemleg prøve å halda oss innanfor der det er fjell i dag, og ikkje ta noko av beite.

Det er kunn snakk om at ein kanskje må vri på tomten eine eller andre veggen, eller litt fram eller tilbake. Me kjem uansett minst 4 meter frå nabogrensa.

Me er ganske nøye på at arealet blir nytta 100% til det beste, då me har liten plass å boltre oss på elles på garden.

Håper på positiv tilbakemelding!

2 vedlegg: (Vedlegg 1 Situasjonskart målestokk 1:250 og Vedlegg 2 Situasjonskart målestokk 1:2500)

Mvh.:  
Vefjell Gard  
Anne og Jan-Morten Eikemo

Vedlegg 1.



# Redskapshus Vefjell Gard

Dato: 16.08.2022

Målestokk: 1:250

Koordinatsystem: UTM 32N





Vedlegg 2.



# Redskapshus Vefjell Gard

Dato: 16.08.2022

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N

